



# DISTRIKTSLOFTET 2025

## EIN PLAN FORÅ STYRKE HEILE NOREG

# **SENTERPARTIET VIL UTVIKLA HEILE NOREG**

Denne hausten er det mykje som står på spel – for veldig mange. Politikk og stortingsval handlar om kva Noreg me vil ha. Me kan ikkje finna oss i at kvinner ikkje rekk fram til fødeavdelinga, at nærskular blir lagt ned, at bonden gjev opp og at politiet ikkje kjem når du treng hjelp. Kvardagen og framtida til mange lokalsamfunn står på spel.

Mange har opplevd at kommunen dei bur i har blitt borte og at fylket er tvangssamanslått. Statlige arbeidsplasser har forsvunne og blitt sentralisert til større byar. Protestane har blitt overhøyrt og lokalsamfunn overkjørt. No må Høyre og Frp bytast ut.

Folk er glade i heimpllassen sin. Over heile landet bidrar lokale heltar til å skape engasjement, aktivitet, og sterke lokale fellesskap. Men i åtte år har Høgre-regjeringa sentralisert landet vårt, bit for bit. Stortingsvalet i haust handlar om å velja retning; Vil me ha ei regjering som byggjer opp under lokal vekst og utvikling, eller skal Høyre og Frp få fortsette med sentralisering og nedleggingar?

Senterpartiet vil gje alle mogelegheit til å leva gode liv, uansett kvar i Noreg du bur. Landet trenger ein ny regjering som vil stoppa sentraliseringa og satsa på heile Noreg.

**Politikk betyr noko.**

**Det vil vera for seint for mange bygder om fire år.  
Det er no det gjeld.**

# For å redda lokalsamfunn i heile Noreg skal Senterpartiet:

## OPPRETTA NYE POLITITENESTESTADER MED MINST 5 TILSETTE PÅ KVART KONTOR

Alle skal være trygge på at politiet kjem, uansett kvar i landet ein bur. Da treng me eit reelt nærpoli. Høgre og Frp har lagt ned 126 lensmannskontor. Mange av kontora som er igjen står ubemanna eller har svært kort opningstid. Senterpartiet vil oppretta polititenestestadar og politipostar gjennom ein fireårig «opptrappingsplan for meir tilstadeverande nærpoli», med minst fem tilsette på kvar stad. I følgje planen skal me begynne med 20 tenestestadar i 2022. Tenesteeiningane skal opprettast etter dialog mellom politimester og kommunane. I Danmark starta sentraliseringa av politiet ti år før ein la ned dei norske lensmannskontora. Danskane har no erkjent feilgrepet og har starta å oppretta nye lensmannskontor.

## ALLE SKAL HA EIN SKULE NÆR SEG

Nedleggingar av nærskuler rammer barna og lokalsamfunna våre hardt. Etter åtte år med Høgre og Frp i førarsetet føler mange kommunar på det økonomiske presset om å leggje ned nærskular. Med Senterpartiet i regjering skal staten gjere det lettare, ikkje vanskelegare, å driva skular i barnas nærmiljø. Alle kommunar skal årleg få ein halv million kroner per skule. Blir ein skule lagt ned vil beløpet falle bort. I tillegg vil alle små og mellomstore kommunar få meir pengar med vår plan for kommunane.

## INGEN SKAL FØDA ÅLEINE

Når livet er på sitt mest kaotiske, fantastiske og skumle på éin gong, skal ein ha fagfolk ved si side. Senterpartiet vil lovfesta at alle som bur meir enn ein time frå fødestaden skal ha tilbod om følgjeteneste med jordmor, slik at fleire får dette tilboden. Me skal også sikre at alle dagens fødeinstitusjonar skal bestå. Alle skal anten ha kort veg til ein fødeinstitusjon eller vera trygg på at dei får hjelp når dagen kjem. Det er ein føresetnad for å kunne leva og bu i heile Noreg.

## RESPONSTIDA FOR AMBULANSAR MÅ LOVFESTAST

Folk blør ikkje seinare i distrikta. Ambulansen skal nå fram når ulykka frøst er ute, uansett kvar den skjer i Noreg. Derfor vil me stilla krav til kor fort ambulansen skal komma, i alle kommunar i landet. Alle skal vera trygg på at hjelpa er nær når den verkeleg trengs, i heile Noreg.

## HALVERA PRISANE PÅ FLYTURAR I DISTRIKTA

Senterpartiet vil sørge for eit godt flytilbod i heile Noreg. Der nokon kan ta buss, tog eller trikk, er fly framleis det viktigaste kollektivtilboden i store delar av Noreg. Det skal ikkje stå på kor tjukk lommebok du har om du har råd til å kome deg til sjukehuset, dra på fotballcup eller ta ein tur og besøke bestemor. Me vil halvera prisane på kortbanenettet slik at folk og næringsliv skal ha mogelegheit til å reisa, både til og frå, i heile Noreg.

## GRATIS FERJE TIL ALLE SOM MÅ TA FERJE

Dyre billettar på ferje og hurtigbåt rammar urettferdig. Innbyggjarane og næringslivet langs kysten betalar no ein urimeleg høg pris i kvardagen. Senterpartiet vil sørja for billigare billettar på ferje og hurtigbåt og fleire avgangar der det er nødvendig. Alle øysamfunn utan vegtilknyting skal ha gratis ferje. Det same gjeld alle små ferjesamband. Dyre ferjer skal ikkje lenger hindra folk i å leva gode liv i heile Noreg.



## GJE FRÅDRAGA TILBAKE TIL PENDLARANE

Nokon av dei smålegaste kutta Frp og Høgre har gjennomført er kutta i reisefrådraget og pendlefrådraget. Kvar pendlar har i snitt 3 700 kr mindre på konto kvart år grunna dette kuttet, og langpendlarane har tapt mest. Senterpartiet meiner me skal vera takksame for at folk er villige til å reisa for å arbeida. Med Senterpartiet i regjering skal kutta reverserast. Staten skal ikkje gjera det vanskelegare å ta ein jobb som er litt borte frå der ein bur.

## HØGARE INNTEKT TIL BONDEN NO

Norsk landbruk er fantastisk. Den norske bonden produserer verdas reinaste og tryggaste mat, men får alt for lite igjen for det. Senterpartiet vil sikra at jordbruken har same inntekt som andre yrkesgrupper i løpet av 4-6 år. Me må sikra at denne generasjonen, og alle generasjonar som kjem og får moglegheit til å driva jorda og skogen, og ta vare på dyra våre i heile Noreg. Det er viktig for bygdene våre, det er viktig for meg og deg som treng mat på bordet kvar dag og det er viktig for landet. Matproduksjon er ein heilt grunnleggjande del av beredskapen vår.

## GJENREISA REISELIVET ETTER PANDEMIEN

Reiselivet er viktig for verdiskaping og busetting i heile Noreg og er ein av dei næringane som er hardast ramma av koronapandemien. Etter å ha auka avgiftene på reiselivet over fleire år er Høgre og Frp no klare til å gjera det igjen; dei vil dobla reiselivsmomsen frå oktober. Det er feil medisin midt i ein krisesituasjon. Senterpartiet vil la reiselivet halde fram med den lave momsen på 6% ut 2021, og permanent senka reiselivsmomsen frå 12 % til 8 %. I tillegg vil me sikra at bedriftene ikkje blir kjøpt opp av utanlandske storselskap. Senterpartiet vil sikre at reiselivsnærings fortsett får krisetiltak, som permitteringsordningar, til koronapandemien er over.

## HØGFARTSBREIBAND TIL ABSOLUTT ALLE INNAN 2025

I ei tid der staten i stadig større grad har blitt ei nettside, og mange kan ta med seg jobben kvar som helst, er stabilt internett heilt nødvendig infrastruktur. Me skal derfor sørja for breiband til alle norske husstandar. Dei 10% som bur ytst har like mykje rett på godt og stabilt internett som dei 10% som bur midt i sentrum. Me skal derfor sørge for at det blir bygd breiband til absolutt alle i Noreg innan 2025.

## STOPPE TVANGSNEDLEGGINGAR AV KOMMUNAR

Tvangssamanslåingar av kommunar fører berre til større avstand mellom folk og folkevalde, og at viktige tilbod blir sentralisert bort frå folk. Kommunar skal bruka tid på å gje innbyggjarane sine gode tenester, som barnehagar, skuler og sjukeheimar, ikkje på uendelege samanslåingsdiskusjonar. Staten må slutta å leggja økonomisk press på kommunar som ikkje vil slå seg saman, og alle tidligare kommunar som vil tilbake til gamle grensar må få lov til det ved kommunevalet i 2023.

## SPLITTA OPP DEI TVANGSSAMANSLÅTTE FYLKA

Folk ville ikkje ha dei, dei fungerer dårlig og er dyre i drift. Dei nye regionane må skrotast, og det må skje raskt. Senterpartiet vil gje Troms og Finnmark, Viken, Innlandet, Vestland og Vestfold og Telemark høve til å oppløyse seg, dersom det er eit lokalt ønskje om dette.

